

# Protokoll frå årsmøte i Radøy / Manger Fotballklubb

Årsmøtet vart halde på Kommunehuset 20. mars 2017

## Sak 1 Godkjenning av dei røysterettige

Styret gjorde reie for det tal personar som var til stede ved oppstart av årsmøtet som styret rekna for røysterettige.

Vedtak: Årsmøtet godkjente samrøysta følgjande tall røysterettige medlemmer: 27.

## Sak 2 Godkjenning av innkalling

Styret la fram forslag om at innkallinga vert godkjent.

Vedtak: Innkallinga vart samrøysta godkjend av årsmøtet.

## Sak 3 Val av møteleiar

Det kom forlag om Arne Askeland som møteleiar.

Vedtak: Årsmøtet valde samrøysta Arne Askeland som møteleiar.

## Sak 4 Val av referent

Styret foreslo Marianne T. Osa som referent.

Vedtak: Årsmøtet valde Samrøysta Marianne T. Osa som referent.

## Sak 5 Val av to medlemmer til å underskrive protokollen

Det kom forslag om Solgunn Tjore og Tommy Lunde til å skrive under på protokollen.

Vedtak: Årsmøtet valde samrøysta Solgunn Tjore og Tommy Lunde til å skrive under på protokollen.

## Sak 6 Handsaming av fotballklubben si årsmelding, herunder årsmelding frå Manger cup, styret i aldersbestemt, dommarkontakt.

Styret la fram fotballklubben si årsmelding for godkjenning av årsmøtet.

Arne Askeland leste opp årsmeldinga.

Så vart årsmeldinga frå nokre av laga i fotballklubben delt ut.

Vedtak: Årsmøtet godkjente samrøysta årsmeldinga.

## Sak 7 Handsaming av fotballklubben sitt rekneskap i revidert stand

Styret la fram fotballklubben sitt rekneskap i revidert stand for godkjenning av årsmøtet.

Revisor godkjende rekneskapen utan merknader.

Solbjørg Helland la fram revidert rekneskap

Det er viktig at fotballklubben har pengar på bok, då fotballklubben har store utgifter tidleg på året, og lite inntekter.

Kioskinntekter diskutert:

- Kiosksalet er ei utfordring då det er vanskeleg å få folk til å stå i kioskane.
- Det er viktig å ha kiosken open når det er kamp.
- Det har fungert greit i Austmarka, fordi at Solgunn Tjore har tatt ansvar å laga lister og purra dei som skulle stå før kvar kamp
- På Manger har kvart lag vore ansvarleg for å ha open kiosk når dei spelar kamp, dette har fort til at det har vore eit variert tilbod.